

MENTOR- TRAINEEORDNING FOR INNVANDRERE

Vegen til arbeid: Hjartdal modellen

Noreg treng innvandrars kompetanse og alle som bur i Noreg, skal ha moglegheit til å delta i arbeid og samfunnsliv. Mange innvandrars ynskjer å gjera ein innsats og å vera ein deil av storsamfunnet. Mange blir frustrert, opplever redsel for å stå utanfor arbeids Markedet.

Det er kunn fire kommunar i Vestfold og Telemark som har fått midlar til å gjennomføre mentor- og traineeordning. Hjartdal kommune er blant dei fire.

Slik fungerer Mentor og -traineeordning i Hjartdal kommune

1. Rekruttering

Flyktingtenesta & NAV Hjartdal har kjennskap til kven som treng bistand til å koma seg i jobb. Det blir tatt kontakt med den aktuelle kandidaten og avtala eit møte med ein rådgjevar i prosjektet.

2. Kartlegging og jobbmach

Kartelegging og jobbmach handlar om å finne aktuelle arbeidsplassar som matcher med deltakarane si kompetanse og interesser.

I den fyrste samtalen med deltakar, fortel vi kva som er formålet med samtalen og informerer om mentor ordninga. Sidan vi har opplysningar om deltakar frå introduksjonsprogram, er tidlegare kompetanse og draumar om type jobb deltakar ynskjer seg i Noreg nøkkel i ein kartleggingsprosess. Deretter drøfter vi saman med deltakar aktuelle arbeidsplasser i området.

3. Rekruttering av arbeidsplass og mentor.

Vi samarbeider tett med NAV i rekruttering av arbeidsplasser. Dette fordi det er NAV som sitt med bredde kompetanse om arbeidsmarknaden. Vi sender ein bestilling til NAV med spurnad om arbeidspraksis og prosjektleiar tek kontakt med aktuelle lokale bedrifter blant anna i kommune.

Vi kjøper fri ein kollega på den aktuelle arbeidsplassen, for å gje deltakaren ekstra bistand for å mestre jobben. Frikjøp av ein kollega skal bidra til å inkludere, meir tid og betre oppfølging og ikkje minst relevant nettverk.

4. Oppfølging og rådgjeving av mentor og trainee/adept

Prosjektets oppgåver blir å fylgje opp både arbeidsgjevar og arbeidstakar med samtaler i en avgrensa periode for å tette opp gapet mellom kompetanse som vert etterspurd på arbeidsplassen og den kompetansen deltakarane har. Mangelen på fagnorsk kan ofte føre til misoppfatning både på det faglege og på det sosiale plan.

Vi skal derfor tilby opplæring i fagnorsk utanom arbeidstid, direkte knyta til kompetansekrav på arbeidsplassen og fylgje opp mentor på arbeidsplassen med samtaler og rådgjeving.

Stikkord:

- **Tett oppfølging**
- **Relevant nettverk**

Prosjektleiar
Akili Christophe Kahindo
40098911